

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Janne Hove Bjørnøy  
Arkivsaksnr.: 18/1513 - 3

Arkiv: 026

### Planlagt behandling:

Senior- og brukarrådet - til uttale  
Hovudutval for helse og velferd  
Arbeidsmiljøutvalet - til uttale  
Kommunestyre

## UTGREIING OM MOGLEG SAMANSLÅING AV FLYKTINGTENESTENE I KLEPP OG TIME, SAMT BRYNE KOMPETANSESENTER

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Klepp, KS-017/18, og Time KS-013/18, gjorde følgjande vedtak i samband med vedtak om samanslåing av NAV Klepp og Time:

*«Det settes i gang en utredning for å avklare mulig sammenslåing av flyktingetjenestene i Klepp og Time, samt Bryne kompetansesenter. En slik utredning, med fordeler, ulemper og anbefaling legges frem for kommunestyrene høsten 2018»*

Våren 2018 utarbeidde kommunalsjefane i Klepp og Time mandat for oppdraget og det vart utpeika ei prosjektgruppe som fekk ansvar for utgreiingsarbeidet.

Prosjektgruppa har utarbeidd ein rapport som skildrar tenestene slik dei framstår i dag, og kva som er fordeler og ulemper ved samanslåing. Rapporten inneheld til slutt ei tilråding. Rapporten er vedlagt.

### Vurdering

Utgreiingsarbeidet har gitt god oversikt over status i arbeidet til flyktingtenestene, både når det gjeld organisering, ressursbruk, målsetjingar og framtidsbilete.

Flyktingtenestene viser til utfordringar med å få deltakargruppa ut i ordinært arbeid og utdanning, og at språkopplæring er sentralt i dette arbeidet. Eit viktig punkt er også å behalda kvalifisert arbeidskraft og oppretthalda god kvalitet på tenestene i ei tid med store endringar på flyktingområdet.

Utgreiingsarbeidet har vist at det er ulik fagleg ståstad og ulike arbeidsmodellar og praksis i Klepp og Time. Før ei eventuell samanslåing må det arbeidast med fagleg innhald, drift og kva modell som ei felles flyktingteneste skal arbeida etter.

Det kan vera utfordrande at ei felles flyktingteneste må forhalda seg til to ulike kommunar. Kommunane er ulikt organisert og det kan vera krevjande å få til samarbeid med ulike instansar i to kommunar. Dette gjeld tilsvarande for felles NAV kontor for Klepp og Time. Her vert det arbeidd med å laga rutinar for samarbeid med avdelingar i dei to kommunane. Noko tilsvarande kan vera aktuelt for ei felles flyktingteneste.

Kommunane har motteke om lag like mange flykningar årleg i perioden 2014 til 2018, og signala til begge kommunane frå IMDI er 10 flykningar kvart år framover. Dette vil medføra store endringar i integreringstilskotet for flykningar framover. Begge kommunar har i 2018 budsjettert integreringstilskotet til om lag 27 millionar kroner. I forslag til økonomiplan 2019-2022 er det redusert til 10 millionar kroner i 2022. Det vil vera tilsvarande utvikling for statstilskot til introduksjonsordninga, og vil medføra reduksjon i årsverk i flyktingtenestene i åra framover.

Bryne kompetansesenter (BKS) vil uavhengig av storleik, organisering og kommunesamarbeid ha jamlege utfordringar knytt opp mot endringar i talet på deltakarar. Om lag 50% av deltakarane på BKS er knytt opp mot introduksjonsprogrammet, medan resterande 50% i hovudsak er som følgje av familieinnvandring, arbeidsinnvandring og/eller kvalifisering via NAV. Det er såleis behov for stor fleksibilitet i organisasjonen.

Flyktingtenesta har ei rekke samarbeidspartnarar, både internt og utanfor kommunen. Målet for flyktingarbeidet er å integrera og gjera flyktingane sjølvhjelpne. Eit sentral verkemiddel i dette arbeidet er derfor å syta for utdanning og arbeid. Godt samarbeid med NAV og BKS er derfor svært viktig for å lukkast.

BKS er avhengig av eit tett samarbeid med flyktingtenestene og dei programansvarlege for deltakarane i introduksjonsprogrammet. Det er såleis i BKS si interesse at det er få kryssande forventningar og system i dei ulike flyktingtenestene.

Ei samorganisering og samlokalisering av flyktingtenestene i Klepp og Time og BKS vil kunna samla kompetanse og styrka det faglege miljøet. Ei innvending mot samorganisering og samlokalisering har vore at brukarane lett kan oppfatta at dei får all hjelp og rettleiing på BKS og i mindre grad vil bruka kommunane sitt ordinære tenesteapparat.

Prosjektgruppa har vore tydeleg på at dersom det vert ei samorganisering og samlokalisering med BKS, så er det viktig at andre avdelingar i kommunane framleis tek sitt ansvar i høve integrering og at det er eit tett samarbeid mellom BKS og andre avdelingar i kommunane. Klepp og Time får felles NAV-kontor frå 01.01.19. Saman med felles flyktingteneste som er samorganisert og samlokalisert med BKS, vil dette styrka arbeidet med å gjera flyktingane mest mogleg i stand til arbeid eller vidare utdanning etter avslutta introduksjonsprogram.

Viser til vedlagt «Rapport frå prosjektgruppa» for meir detaljar om utgreiingsarbeidet.

### **Konklusjon**

Kommunane må tilpassa seg signala om betydeleg reduksjon i mottak av flyktingar. Rådmannen meiner det er naudsynt å samla dei mest sentrale einingane som arbeider med flyktingar for å oppretthalda god kvalitet på tenestene. Rådmannen tilrår at flyktingtenestene i Klepp og Time vert slått saman med og samlokalisert med Bryne kompetansesenter.

Dette vil vera eit krevjande arbeid og vil krevja at alle partar gjer naudsynte endringar. Rådmannen tilrår difor at det vert sett i gang ein prosess i lag med tilsette og tillitsvalde i flyktingtenestene og Bryne kompetansesenter for å førebu og gjennomføra samorganisering og samlokalisering.

Utkast til administrativ vertskommuneavtale med Time kommune som vertskommune og premissar for verksemdoverdraging vert lagt fram for kommunestyra i Klepp og Time for godkjenning i løpet av 1. halvår 2019.

Samorganisering og samlokalisering skal seinast tre i kraft frå 01.01.2020.

### **Vedlegg:**

- rapport frå prosjektgruppa

### **Innstilling:**

Rådmannen foreslår at saka går til senior- og brukarrådet og AMU til uttale, og deretter til behandling i hovudutval for helse og velferd og kommunestyret med slik tilråding:

1. Flyktingtenestene i Klepp og Time vert slått saman med og samlokalisert med Bryne kompetansesenter.
2. Det vert igangsett ein prosess i lag med tilsette og tillitsvalde i flyktingtenestene og Bryne kompetansesenter for å førebu og gjennomføra samorganisering og samlokalisering.
3. Utkast til administrativ vertskommuneavtale med Time kommune som vertskommune og premissar for verksemdoverdraging vert lagt fram for kommunestyra i Klepp og Time for godkjenning i løpet av 1. halvår 2019.
4. Samorganisering og samlokalisering skal seinast tre i kraft frå 01.01.2020.

Rådmannen i Klepp 13.11.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*